



Adresseinformasjon fylles inn ved  
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 14.12.2018

Vår ref: 18/05623-4

Dykkar ref:

## Høyring om justering av bispedømegrensa mellom Bjørgvin og Møre

Når Hornindal kommune i Sogn og Fjordane 1. januar 2020 går inn i Volda kommune og blir ein del av Møre og Romsdal fylke får det konsekvensar for fylkesgrensa og grensa mellom Bjørgvin og Møre bispedøme og grensene for Nordfjord prosti.

Bjørgvin bispedømeråd sender difor spørsmålet om endring av prosti- og bispedømegrenser på høyring til aktuelle høyringsinstansar. Sjå mottakarlista. Alle som ønskjer kan gi høyringsuttale.

Vi ber høyringsinstansane om å svare på høyringsspørsmåla i dette brevet.

Høyringssvara skal sendast på e-post til [bjorgvin.bdr@kyrkja.no](mailto:bjorgvin.bdr@kyrkja.no) innan **1. februar 2019**.

Bjørgvin bispedømeråd tek sikte på å handsame saka i møtet 19. februar 2019.

### Bakgrunn for saka

Med nye regionar og reguleringa av fylkesgrenser kan bispedømegrenser i deler av landet kome til å gå på tvers av dei nye fylkesgrensene. Med unntak for Oslo bispedøme, fylgjer alle bispedøma i Noreg grensene for fylkesinndeling, og det er difor naturleg at grensene mellom bispedøma blir justert slik at dei følgjer ny fylkesgrense.

I følgje kyrkelova § 5 skal det vera eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Difor medfører kommunesamanslåingane at grensene for fleire av dei noverande fellesråd lyt justerast. Dei vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil verka direkte inn på prostigrensene for Nordfjord prosti.

Overføring av sokn i eit prosti i eit bispedøme til eit prosti i eit anna bispedøme er ein type grenseendring som framleis skal avgjerast av Kulturdepartementet, jf. kyrkelova § 2 femte ledd, og kgl. res. 7.juni 1996 nr. 528 (om delegering av mynde frå Kongen til departementet). Departementet vil ta stilling til om bispedømegrensa skal endrast etter gjennomført høyring og rådgivande vedtak i bispedømerådet og kyrkerådet.

### **Tidsplan**

14. desember 2018: Utsending av høyring.

1. februar 2019: Frist for innsending av høyringssvar.

19. februar 2019: Handsaming i bispedømerådet.

14.-15. mars 2019: Handsaming i kyrkjerådet.

Handsaming i Kulturdepartementet.

Det vil vere naturleg at vedtaket trer i kraft samstundes som Stortinget sitt vedtak i kommune- og regionreforma, 1. januar 2020.

### **Høyringsspørsmål**

Denne høyringa gjeld regulering av bispedømegrensa mellom Bjørgvin og Møre.

Administrasjonen innstiller til Bjørgvin bispedømeråd at bispedømegrensa bør fylgja den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvarande.

1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrense? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarande endring i prostigrensa for Nordfjord prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

### **Høyringssinstansar**

Denne høyringa vert med dette sendt til følgjande involverte instansar i Bjørgvin bispedøme:

- Soknerådet i Hornindal
- Hornindal kommune
- Fellesnemnda i nye Volda Kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda kommune
- Sogn og Fjordane fylke
- Prosten i Nordfjord
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer
- Hovudverneombodet

Ein bed om at kyrkjeverja i Hornindal seder høyringsbrevet vidare til sokneråd, kyrkjeleg fellesnemnd og aktuelle fagorganisasjonar lokalt.

Med helsing

Jan Ove Fjellveit  
stifttsdirektør

Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Møre bispedømeråd

Moldetrappa 1

6415 MOLDE

Mottakrar:

Hornindal kommune

Fellesnemnda i Volda kommune

Kyrkjeleg fellesnemnd i Volda kommune

Hovudverneombod for Bjørgvin

Prosten i Nordfjord

Pb 5

6771

NORDFJORDEID

6763 HORNINDAL

6863 LEIKANGER

Hornindal sokneråd

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Presteforeningen

TeoLOgene

Postboks 24

Askedalen 2



Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Tore Skjæveland	001	18/05623-10	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
2/19	Bjørgvin bispedømeråd 2016-2019	19.02.2019

## Justering av bispedømegrensa mellom Bjørgvin og Møre

### Saksorientering

Når Hornindal kommune i Sogn og Fjordane 1. januar 2020 går inn i Volda kommune og blir ein del av Møre og Romsdal fylke får det konsekvensar for fylkesgrensa og det reiser spørsmål om grensa mellom Bjørgvin og Møre bispedøme og grensene for Nordfjord prosti skal justerast tilsvarande.

Bjørgvin bispedømeråd sendte difor spørsmålet på ei høyring til aktuelle høyringsinstansar med seks vekers høyringsfrist, i samsvar med kyrkjerådet sin sakshandsamingsprosedyre. Møre bispedømeråd sendte og spørsmålet på høyring med likelydande spørsmål.

### Bakgrunn for saka

Med nye regionar og reguleringa av fylkesgrenser kan bispedømegrenser i deler av landet kome til å gå på tvers av dei nye fylkesgrensene. Med unntak for Oslo bispedøme, følgjer alle bispedøma i Noreg grensene for fylkesinndeling, og det er difor naturleg at grensene mellom bispedøma blir justert slik at dei følgjer ny fylkesgrense.

I følgje kyrkelova § 5 skal det vera eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Difor medfører kommunesamanslåingane at grensene for fleire av dei noverande fellelråd lyt justerast. Dei vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil verka direkte inn på prostigrensene for Nordfjord prosti.

Overføring av sokn i eit prosti i eit bispedøme til eit prosti i eit anna bispedøme er ein type grenseendring som framleis skal avgjerast av Kulturdepartementet, jf. kyrkelova § 2 femte ledd, og kgl. res. 7.juni 1996 nr. 528 (om delegering av mynde frå Kongen til departementet). Departementet vil ta stilling til om bispedømegrensa skal endrast etter gjennomført høyring og rådgivande vedtak i bispedømerådet og kyrkjerådet.

## Tidsplan

14. desember 2018: Utsending av høyring.

1. februar 2019: Frist for innsending av høyringssvar.

19. februar 2019: Handsaming i bispedømerådet.

14.-15. mars 2019: Handsaming i kyrkjerådet.

Handsaming i Kulturdepartementet.

Det vil vere naturleg at vedtaket trer i kraft samstundes som Stortinget sitt vedtak i kommune- og regionreforma, 1. januar 2020.

## Høyringsspørsmål

Denne høyringa gjeld regulering av bispedømegrensa mellom Bjørgvin og Møre.

Administrasjonen innstiller til Bjørgvin bispedømeråd at bispedømegrensa bør fylgja den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvarende.

1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrense? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Nordfjord prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

## Høyringsinstansar

- Soknerådet i Hornindal
- Hornindal kommune
- Fellesnemnda i nye Volda Kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda kommune
- Sogn og Fjordane fylke
- Prosten i Nordfjord
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer
- Hovudverneombodet

Alle som ynskte det kunne senda inn høyringssvar

## Høyringssvar

Det kom inn seks høyringssvar:

### Prosten i Nordfjord:

1. Bispedømet si grense bør følge ny fylkesgrense.
2. Prostigrensa bør følge ny bispedømegrense.
3. Nei

### Hornindal kommune ved rådmannen:

1. Hornindal kommune meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedømegrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømegrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.
2. Som følgje av Hornindal kommune sitt standpunkt om at bispedømegrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prosti, Møre bispedøme.
3. Hornindal kommune Hornindal kommune føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prost. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i Hornindal.

#### Presteforeningen:

1. Presteforeningen går inn for at bispedømmegrensene skal følge nye regiongrenser/fylkesgrenser, og at prostigrensene i Søre Sunnmøre, Nordfjord og Indre Nordmøre prosti justeres i samsvar med dette.
  2. Ingen kommentar.
  3. Presteforeningen forutsetter at berørte ansatte ivaretas ved endringen, at de er godt informert og at medbestemmelse er ivaretatt.
- Vi forutsetter videre at endringene følges opp i budsjettfordelingen mellom bispedømmer, der det medfører flytting av arbeidsoppgaver og stillinger mellom bispedømmene.

#### Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Volda:

1. Møre bispedøme si grense skal følgje ny regiongrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.
2. Søre Sunnmøre Prost i si grense skal følgje ny bispedømmegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre prosti
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal (stipulert til 50% stilling) vert overført il Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prost i. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområdet.

#### Formannskapet i Volda kommune:

Identisk vedtak som Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Volda.

#### Hornindal sokneråd:

Hornindal sokneråd gjorde på møtet 24.01.19 dette vedtaket:

**S 003-19 Høyring justering av bispedømmegrensa mellom Bjørgvin og Møre.**

Vi går for alternativ 1a. Bispedømmet si grense følgjer ny fylkesgrense.

**Forslag til vedtak**

Bjergvin bispedøme går inn for at grensa mellom Bjergvin og Møre bispedøme følger den nye fylkesgrensa mellom Vestland fylke og Møre fylke slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre bispedøme. Ein går inn for at prostigrensa vert endra tilsvarande slik at Hornindal sokn går frå å tilhøyra Nordfjord prosti i Bjergvin til Søre Sunnmøre prosti i Møre.



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Adresseinformasjon fylles inn ved  
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 19.02.2019

Vår ref: 18/05623-12

Dykkar ref:

## **Vedtak i Bjørgvin bispedømeråd 19. februar 2019 om bispedømegrensejustering mellom Bjørgvin og Møre**

Bjørgvin bispedøme går inn for at grensa mellom Bjørgvin og Møre bispedøme følger den nye fylkesgrensa mellom Vestland fylke og Møre fylke slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre bispedøme. Ein går inn for at prostigrensa vert endra tilsvarende slik at Hornindal sokn går frå å tilhøyra Nordfjord prosti i Bjørgvin til Søre Sunnmøre prosti i Møre.

Med helsing

Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg:  
Justering av bispedømegrensa mellom Bjørgvin og Møre

Kopi til:

Møre bispedømeråd  
KR - Avdeling for kirkeordning, Anders  
Backer-Grøndahl Eide

Moldetrappa 1  
Postboks 799  
Sentrum

6415 MOLDE  
0106 OSLO

Mottakere:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO